

Martha Irene Flæsland  
Allébakken 13  
5230 PARADIS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/4688 - 23/48435

Saksbehandlar:  
Lene Helgesen  
[lene.helgesen@alver.kommune.no](mailto:lene.helgesen@alver.kommune.no)

Dato:  
20.06.2023

## **Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 58/42 Lygren indre**

Tiltak: Dispensasjon  
Byggjestad: Gbnr: 58/42  
Tiltakshavar: Terje Hoel  
Ansvarleg søker:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 09.06.2023.

### **Vi trenger meir dokumentasjon i saka**

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

#### **1. Situasjonsplan manglar**

Du må sende inn ein situasjonsplan for eigedomen. Situasjonsplanen må blant anna vise kvar tiltaket skal plasserast i forhold til eigedomsgrenser, andre bygningar og avstand til midten av vegen.

Annan informasjon som situasjonsplanen skal vise er blant anna avstand til vass- og avløpsleidningar, til høgspentleidningar, avkørsle til eigedomen, frisiktlinjer mot veg, areal for parkering, stikkledningar for vatn og avløp med påkoplingspunkt til offentleg leidning skal også normalt teiknast inn.

#### **2. Tiltakets plassering er upresist**

Det er upresist kvar det nye tiltaket skal plasserast. Alle viktige avstandar må vera synt på situasjonskartet.

#### **3. Planteikningar manglar**

Du må sende inn planteikningar for tiltaket. Alle utvendige hovudmål må påførast planteikningane. Planteikningane må vise alle etasjane som tiltaket består av.

#### **4. Teikningar som syner snitt.**

Du må sende inn teikningar som syner snitt for tiltaket. Snippet må syne den totale høgda på bygningen frå eit gjennomsnittleg planert terreng. Netto romhøgde må også visast på snitte. Takvinkelen på bygningen må også påførast snippet.

## **5. Fasadeteikningar manglar.**

Du må sende inn fasadeteikningar for tiltaket. Nye og eksisterande terrenmlinjer skal teiknast inn på teikningane.

## **6. Dette er ikkje en komplett gjennomgang av kva som krevjast av dokumentasjon.**

Uttømmande liste på opplysingar som krevst for at kommunen skal kunne handsama saken følger av Byggesaksforskriften (SAK-10) kapittel 5, sjå spesielt §§ 5-4 og 5-1.

Dersom det synast vanskeleg å skaffa naudsynt dokumentasjon for at søknaden skal være komplett, kan ein få meir detaljert gjennomgang av føresetnader, krav og saksgang hjå kommunen ved å bestilla ein forehandskonferanse. Det gjer man på Alver kommune sin nettside på [https://www.alver.kommune.no/innhald/plan-bygg-og-eiendom/skal-du-byggje-endre-eller-rite/forehandskonferanse/](https://www.alver.kommune.no/innhald/plan-bygg-og-eiendom/skal-du-byggje-endre-eller-rive/forehandskonferanse/). Vi gjer merksam på at det tilkommer gebyr ved forehandskonferanse.

Alternativt kan tiltakshavar hyra ein ansvarleg søker (typisk eit byggfirma), som kan bidra til at søknaden vært komplett og kan handsamast av kommunen.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 19.07.2023. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningsane som ligg i søknaden.

## **GENERELL INFORMASJON**

### **Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad**

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Lene Helgesen  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Martha Irene Flæsland  
Terje Hoel

Allébakken 13	5230	PARADIS
Allébakken 13	5230	PARADIS